

FSK - 103/24 Tilråding. Prisar og gebyr 2025:

1. Kommunale gebyr, prisar, avgifter og betalingsordningar skal fakturerast i tråd med vedlegget «Prisar og gebyr 2025»
2. BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Kvam herad, jfr §2 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Kvam herad.
3. Avfallsgebyr skal fakturerast i tråd med vedlegget «Renovasjonsgebyr Kvam herad 2025». Prisen på lovpålagte renovasjonstenester for 2025 vert auka med 35 %. For miljøparkar auka prisane med 100 %. I det vedlagte gebyrvedtaket er det teke høgde for innføring av henting av glas og metall iht. nytt lovkrav om henting av glass og metall jf. Avfallsforskriften §10a-5

Kommunalt påslag vert sett til kr 207 for hushaldning, kr 103 for fritidsbustader og kr 51 for campingvogn.

Frå 2025 går BIR over til kvartalsvis fakturering av kundar i alle BIR kommunane.

4. Rådmannen får fullmakt til å fastsetja prisar på ny velferdsteknologi etter kvart som det vert aktuelt.
 5. Rådmannen får fullmakt til å endra prisar i tråd med statlege satsar som vert fastsett i statsbudsjettet.
 6. Rådmannen får fullmakt til å endra gebyr og prisar i tråd med evt. endringar for pris og gebyr i vedtak i HST-sak «Kvam herad - Budsjett 2025 og Økonomiplan 2025-2028».
-